

Høyringsforslag til Revidert Ordning for dåp i hovudgudstenesta (nn) - Kyrkjerådet 2015

Ordning for dåp i hovudgudstenesta

1 Mottaking til dåp

L | I namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande.

Ved dåp av born:

L | I dag skal *NN/(talet på)* *dåpsborn* bli *døypt/døypte*. I tillit og glede kjem vi med *henne/han/dei* til Kristus i den heilage dåpen.

Ved dåp av større born, unge eller vaksne:

L | I dag skal *NN* bli *døypt/døypte*. I tillit og glede kjem vi til Kristus i den heilage dåpen.

L | I dåpen får vi del i Jesu Kristi siger over vondskap, synd og død. «For så elska Gud verda at han gav Son sin, den einborne, så kvar den som trur på han, ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv.» *Joh 3,16*

L | Lat oss takka og be:

L | Evige Gud, du som har skapt oss i ditt bilet, vi takkar deg for *dette barnet/desse borna* som du har gjeve oss. Vi bed deg: Ver hos *NN/henne/han/dei* med din kjærleik og ta *henne/han/dei* inn i di kyrkje. Amen.

Ved dåp av større born, unge eller vaksne:

L | Evige Gud, du som har skapt oss i ditt bilet, vi takkar deg for *NN/dei* som skal bli *døypt/døypte* i dag. Vi bed deg: Ver hos *NN/henne/han/dei* med din kjærleik og ta *henne/han/dei* inn i di kyrkje. Amen.

Her, eller før den avsluttande lovprisinga (1 Pet 1,3) kan presten kort seja noko om den aktuelle dåpshandlinga.

2 Dåpssalme

Ein dåpssalme kjem anten her, før 4 Dåpsforpliktinga eller som avslutning av dåpshandlinga. Det kan òg vera korsong eller solosong på ein av desse stadene.

3 Skriftlesing

Dei følgjande tekstane kan gjerne lesast av ein i dåpsfølgjet eller ein annan medliturg.

L | Lat oss høyra kor venleg Jesus tek imot borna og opnar Guds rike for dei:

ML/L | Dei bar småborn til Jesus for at han skulle røra ved dei, men lærersveinane viste dei bort. Då Jesus såg det, vart han sint og sa til dei: «Lat småborna koma til meg og hindra dei ikkje! For Guds rike høyrer slike til. Sanneleg, eg seier dykk: Den som ikkje tek imot Guds rike slik som eit lite barn, skal ikkje koma inn i det.» Så tok han dei inn til seg, la hendene på dei og velsigna dei. [Mark 10,13–16](#)

Ved dåp av større born, unge eller vaksne kan denne teksten erstattast med:

L | Apostelen Paulus seier om dåpen:

ML/L | Det vart openberra kor god vår Gud og frelsar er, og kor han elskar menneska: Han frelste oss, ikkje fordi vi hadde gjort rettferdige gjerningar, men fordi han er miskunnsam. Han frelste oss ved badet som gjenføder og fornyar ved Den heilage ande, som han så rikeleg har aust ut over oss ved Jesus Kristus, vår frelsar, så vi skulle bli rettferdige ved hans nåde og bli arvingar til det evige livet, som er vår von. [Tit 3,4–7](#)

Eller

L | Jesus seier at vi blir fødde på nytt i dåpen:

ML/L | Det var ein mann som heitte Nikodemus. Han var farisear og sat i Rådet til jødane. Han kom til Jesus om natta og sa: «Rabbi, vi veit at du Er ein lærar som er komen frå Gud, for ingen kan gjera dei teikna du gjer, utan at Gud er med han.» Jesus svara og sa til han: «Sanneleg, sanneleg, eg seier deg: Den som ikkje blir fødd på nytt, kan ikkje sjå Guds rike.» Nikodemus seier til han: «Korleis kan ein som er gammal, bli fødd? Ein kan vel ikkje koma inn i morslivet igjen og bli fødd andre gongen?» Jesus svara: «Sanneleg, sanneleg, eg seier deg: Den som ikkje blir fødd av vatn og Ande, kan ikkje koma inn i Guds rike.» [Joh 3,1–5](#)

L | Lat oss høyra vår Herre Jesu Kristi ord om dåpen og trua:

ML/L | Eg har fått all makt i himmelen og på jorda. Gå difor og gjer alle folkeslag til lærersveinar: Døyp dei til namnet åt Faderen og Sonen og Den

heilage ande og lær dei å halda alt det som eg har bode dykk. Og sjå, eg er med dykk alle dagar så lenge verda står. **Matt 28,18–20**

Ved dåp av større born, unge eller voksne kan Mark 10,13–16 eventuelt lesast her.

4 Dåpsforpliktinga

Ved dåp av born:

L | Vil foreldre og fadrar reisa seg.

De skal vera vitne om at *NN / dette barnet/ desse borna* er *døypt/døypte* med den kristne dåpen. Saman med kyrkjelyden vår og heile kyrkja får de del i eit heilagt ansvar: å visa omsorg for *henne/han/dei*, be for *henne/han/dei* og hjelpa *henne/ han/dei* til *sjølv/sjølve* å be, kjenna Guds ord og delta i den heilage nattverden, så *ho/han/dei* kan leva og veksa i den kristne trua.

Foreldra og fadrane blir ståande.

Ved dåp av større born, unge eller voksne:

L | Vil (foreldre og) fadrar reisa seg.

De skal vera vitne om at *NN/desse* er *døypt/døypte* med den kristne dåpen. Saman med kyrkjelyden vår og heile kyrkja får de del i eit heilagt ansvar: å visa omsorg for *henne/han/dei*, be for *henne/han/dei* og hjelpa *henne/han/dei* til å kjenna Guds ord og delta i den heilage nattverden, så *ho/han/dei* kan leva og veksa i den kristne trua.

Foreldra og fadrane blir ståande.

5 Forsakinga og trua

Ved dåp av born:

L | Lat oss saman vedkjennast forsakinga og trua, som vi blir døypte til.

Alle reiser seg.

Ved dåp av større born, unge eller voksne:

L | Vil du saman med denne kyrkjelyden vedkjennast forsakinga og trua, som vi blir døypte til?

Dåpskandidaten | Ja.

Dåpskandidaten kan om nødvendig her og ved dåpshandlinga gje stadfestande svar på andre måtar enn med verbalt språk.

Dei som sjølve kan svara på spørsmålet, blir først spurde. Når alle har svara, seier liturgen:

L | Lat oss saman vedkjennast forsakinga og trua.

Alle reiser seg.

A | Eg forsakar djevelen og alle hans gjerningar og alt hans vesen.

**Eg trur på Gud Fader, den allmektige,
som skapte himmel og jord.**

**Eg trur på Jesus Kristus,
Guds einborne Son, vår Herre,
som vart avla ved Den heilage ande,
fødd av Maria møy,
pint under Pontius Pilatus,
vart krossfest, døydde og vart gravlagd,
för ned til dødsriket,
stod opp frå dei døde tredje dagen,
för opp til himmelen,
sit ved høgre handa åt Gud, den allmektige Fader,
skal koma att derifrå
og døma levande og døde.**

**Eg trur på Den heilage ande,
ei heilag, allmenn kyrkje,
eit samfunn av dei heilage,
forlating for syndene,
oppstoda av lekamen og evig liv.**

Amen. Den apostoliske truedkjeninga.

6 Dåpshandlinga

Ein heller vatnet i døypefonten.

Anten A

**L | Miskunnsame Gud, du som i dåpen frir oss frå mørkrets makt og gjer oss til
born av lyset, vi bed deg: Send din Ande, så dette vatnet blir ei nådens kjelde der
ho/han/dei som blir *døypt/døypte*, blir *reist/reiste* opp til det nye livet med Jesus
Kristus, vår Herre.**

Eller B

**L | Miskunnsame Gud, vi takkar deg for at dåpsvatnet ved ditt ord og din
lovnad er ei nådens kjelde, der du reinsar oss frå synd og skuld og gjev oss
vona om det evige livet i Jesus Kristus. Vi bed deg: Lat den nye fødselen
koma ved din skapande Ande.**

Mellan kvar dåp kan ein syngja eit vers frå ein hoveleg salme.

Dåpsfølgjet går fram til døypefonten.

Ved dåp av born:

L | Kva heiter barnet?

Den som ber barnet, seier fornamnet på barnet.

L | Vil de at *NN* skal døypast til namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande og oppsedast til eit liv i den kristne forsakinga og trua?

Den som ber barnet, foreldra /dei føresette og fadrane svarar:

Ja.

Ved dåp av større born, unge eller vaksne:

L | Kva heiter du?

Den som skal døypast, svarar sjølv ved å seja fornamnet sitt. Om nødvendig kan ein annan seja namnet.

L | *NN*, vil du bli døypt til namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande og leva i den kristne forsakinga og trua?

Den som skal døypast, svarar:

Ja.

Liturgen bed bøna før og etter krossteikninga med open handflate vend mot andletet til barnet/dåpskandidaten.

L | Gud vare din inngang og din utgang frå no og til evig tid.

Eg teiknar deg med det heilage krossmerket ✝. Du skal høyra den krossfeste og oppstadne Jesus Kristus til.

L | *NN*, etter vår Herre Jesu Kristi ord og bod døyper eg deg til namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande.

Medan dette blir sagt, auser liturgen med handa rikeleg med vatn over hovudet til den som blir døypt, tre gonger. Liturgen legg gjerne saman med foreldra/dei føresette og fadrane handa på hovudet til den døypte og seier:

L | Den allmektige Gud har no gjeve deg sin heilage Ande, fødd deg på nytt og teke deg inn i sin truande kyrkjelyd. Gud styrke deg med sin nåde til det evigelivet.

Fred vere med deg.

Den som ber barnet, eller liturgen, lyfter dåpsbarnet opp og vender det mot kyrkjelyden. Ved dåp av større born, unge eller vaksne kan desse venda seg mot kyrkjelyden. Ein seier følgjande ord:

Dette er *NN* (fornamn), Guds barn og vår syster;bror i Kristus.

7 Tenning av dåpslys

Etter at alle er døypte, kan ein tenna eit lys for kvart barn/kvar dåpskandidat. Lyset set ein i ein lyshaldar og det brenn til gudstenesta er ferdig.

Når alle dåpslysa er tende, seier liturgen:

L |: Jesus seier: «Eg er lyset i verda. Den som følgjer meg, skal ikkje vandra i mørkret, men ha livsens lys.» Joh 8,12

Lystenning kan alternativt koma under forbøna (pkt 17) i gudstenesta.

8 Bøn og lovprising

L | Lat oss takka og be.

Ein bed ei av dei følgjande bønene.

Anten A

L/ML | Trufaste Gud,
vi takkar deg for dåpen,
der du tek imot oss og kallar oss med namn.
Vi bed for *NN/borna/dei* som er *døypt/døypte* i dag.
Ver med *henne/han/dei* gjennom livet, i medgang og i motgang,
og vara *henne/han/dei* i dåpens nåde.
Styrk foreldra og fadrane i ansvaret dei har fått.
Hjelp oss alle å strida den gode striden i trua,
med kjærleik til nesten vår og alt du har skapt.

Eller B

L/ML: Trufaste Gud,
Vi takkar deg for dåpen,
der du gjev oss ein heim i di kyrkje.
Vi bed for *NN/borna/dei* som er *døypt/døypte* i dag.
Hald di vernande hand over *henne/han/dei*,
og gje kjærleik og visdom til alle som har ansvar for *henne/han/dei*.
Vend auga våre mot deg,
så vi aldri mister vona du har gjeve oss i dåpen.

Eller C

L/ML | Trufaste Gud,
vi takkar deg for dåpen,
og for lovnaden om at Jesus er med oss alle våre dagar.
Vi bed for *NN/borna/dei* som er *døypt/døypte* i dag.
Ver *hennar/hans/deira* ly og vern gjennom livet,
og vara *henne/han/dei* i trua på deg.
Vis oss alle kjærleikens veg,
så vi ikkje tener oss sjølve,
men deg og kvarandre.

Fadervår blir sagt fram. Dersom det er nattverd i gudstenesta, kan Fadervår falla bort her.

L | Lat oss saman be den bøna Jesus har lært oss:

A | **Vår Far i himmelen.**

Lat namnet ditt helgast.

Lat riket ditt koma.

Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.

Gjev oss i dag vårt daglege brød,

og tilgjev oss vår skuld,

slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.

Og lat oss ikkje koma i freistung,

men frels oss frå det vonde.

For riket er ditt og makta og æra i all æve.

Amen.

Det er også høve til å bruka Fadervår etter 1977-liturgien eller etter 1920-liturgien.

L | Lova vere Gud, vår Herre Jesu Kristi Far, han som i si store miskunn
har fødd oss på nytt til ei levande von ved Jesu Kristi oppstode frå dei døde.

1 Pet 1,3

Dåpsliturgien blir eventuelt avslutta med song, jfr. rubrikk til punkt 2.